



Norges Vassdrags- og
Energidirektorat (nve)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 19.11.2021
Arkivkode: K2-S05
Dykkar ref.
Vår ref. 16/1017-63
21/17537
Jarle Lunde

UTTALE TIL REVISJONSDOKUMENT FOR ULLA-FØRRE REGULERINGA

Me viser til brev datert 05.08.2021 der NVE sender revisjonsdokument for reguleringa av Ulla-Førre på offentlig høyring.

Kommunestyre i Suldal behandla saka 02.11.2021 og gjorde følgjande vedtak:

Suldal kommune viser til Statkraft sitt revisjonsdokument frå juni 2021 – Vilårsrevisjon Ulla-Førre.

Kommunen meiner dokumentet gir ein god gjennomgang av, og ryddige tilsvar på dei krava som er framsette i det samla kravet frå kommunane Hjelmeland, Suldal og Bykle.

Kommunen vil generelt merka at revisjonen av miljøvilkåra må fastsetja vilkår som sikrar meir miljøtilpassa vassføring i vassdraga. Ulla er prioritert i den regionale vannforvaltningsplanen for Rogaland, og må også prioriterast i vilårsrevisjonen.

Revisjonen må også sikra at det blir avsett ressursar som kan nyttast til tiltak for ei berekraftig og heilskapleg forvaltning av villreinstammen i Setesdals Vesthei – Ryfylkeheiane.

Kommunen sine merknadar til Statkraft si vurdering av krava går elles fram av saksutgreiinga.

Kommunestyret ber kommunedirektøren arbeida inn det som står under andre krav, særleg det som gjeld tilhøva i Hylene og ny sti forbi Skorpevadhølen.

Saksutgreiinga er vedlagt.

Tillegg

Som del av vedtaket bad kommunestyret «*kommunedirektøren arbeida inn det som står under andre krav, særleg det som gjeld tilhøva i Hylen og ny sti forbi Skorpevadhølen.*» Med bakgrunn i dette erstattar følgjande tekst siste delkapittel i saksutgreiinga:

Andre krav

Kommunane har i sitt revisjonskrav argumentert for andre tiltak. Dette er blant anna tiltak som kan gjennomførast etter dagens vilkår, etter innføring av standard naturforvaltningsvilkår eller som oppfølging i konsesjonærens ordinære drift.

Dette gjeld mellom anna:

- Ny sti forbi Skorpevadhølen
- Prøvefiske og vurdering av tiltak for kultivering av fisk i magasin
- Kartlegge utbreiing av bekkerøye
- Oppfølging av avslutta tippar og overvaking av moglege forureiningar
- Utbetre veg/betre tilkomst til Øykjalja ved utløpsosen i Vassbotnvatnet
- Tetting av overføringstunnel mellom Oddatjørn (Blåsjø) og Saurdal

- Tur og skiløye rundt Mosvatnet og gapahuk ved skileikområdet i Breiastølsdalen
- Båttutsett og straumproblematikk Hylen
- Utsett for båt og båtferdsel i Blåsjø
- Tryggare ferdselsveg på austsida av Gaukstølåno
- Undersøking av kulturminne

Kommunedirektøren tek Statkraft sine synspunkt på desse punkta til etterretning. Samstundes er fleire av tiltaka rimeleg enkle og burde primært vore utført som frivillige tiltak, sekundert som pålegg frå myndigheitene. NVE må vurdere om tiltaka høyrer til i ein vilkårsrevisjon og eventuelt komme med naudsynpte pålegg.

Kommunedirektøren vil vise til meir utførleg omtale av nemnde problem/tiltak i kravdokumentet, men vil her omtale 3 tiltak særskild:

1) Ny sti forbi Skorpevadhølen

Etter oppdemminga av Skorpevadhølen vart den opphavlege ferdselsvegen mellom Breiavad og Grjotdalen uframkommeleg når vasstanden er høg. Som erstatning for denne ferdselsvegen vart det bygd ein ny sti høgare oppe i fjellsida.

Etter tiltaket vart gjennomført ser ein at stien ofte ikkje er farbar. Årsaka er at det i hellingar blir liggande ei snøfonna langt utover somrane. Denne snøfonna er svært bratt og farleg å krysse. Når snøfonna er hard er det rett og slett ikkje mogleg å komme fram. Med bakgrunn i dette har kommunane fremja krav om at det må etablerast ny sti forbi Skorpevadhølen.

Kommunedirektøren meiner dette er eit godt døme på eit tiltak som burde ha vore «rydda av vegen» gjennom frivillige tiltak. Når problemet framleis føreligg må NVE vurdere om tiltaka høyrer til i ein vilkårsrevisjon og eventuelt komme med naudsynpte pålegg.

2) Båttutsett og straumproblematikk Hylen

Hylen er viktig for fritidsfiske i sjøen og som utgangspunkt for båtliv i Hylsfjorden. Båttutsett som ligg like ved utløpstunnel frå kraftstasjonen har vore vanskeleg å nytte, og pga tryggleik

har den dei siste åra vore stengd for allmenn bruk. Kaianlegget som ligg like ved blir heller ikkje nytta pga av straumforholda. I tillegg er det sig i grunnen som tyde på erosjonsproblematikk.

Med bakgrunn i dette har kommunane fremja krav om at «Hylsfjorden må vere betre tilgjengeleg enn i dag. Ein må vurdere korleis ein kan løyse problema og gjennomføre tiltak.»

Statkraft skriv i revisjonsdokumentet at dei er kjend med forholda knytt til straum i Hylen. Alternativ plassering av båtutsett er tidlegare vurdert, men fram til no er det ikkje funne ei vesentleg betre løysing innafor egen eigedom. Statkraft følgjer og med på eventuell påverking ved erosjon og behov for avbøtande tiltak og meiner at forholda som er påpeika blir følgt opp i drifta, og at krava ikkje er relevante i samband med revisjonen.

Tilgang til fjorden i Hylen er for vanskeleg. Kommunedirektøren meiner dette er eit problem som må løysast no. NVE bør derfor påleggje Statkraft å gjennomføre tiltak for å auke tilgjengelegheita så raskt som mogleg. Alternativt må tiltak bli pålagt gjennom ny konsesjon.

3) Kulturminne

Det er registrert ei rekkje automatisk freda kulturminne langs vassdraga innafor konsesjonsområdet. Fleire av disse ligg i erosjonssona. Pr i dag kjenner me ikkje til tilstanden. I tillegg til dei me veit om er det eit potensial for ytterlegare funn av både automatisk freda og nyare tids kulturminne.

Med bakgrunn i dette har kommunane fremja krav om at det må registrerast både automatisk freda og nyare tids kulturminne for å få ein oversikt over kulturminneinteressene i og langs vassdraga, samt ei kartlegging av skade på kulturminne i erosjonsbeltet. Kommunane krev og eit kulturminnefond.

Statkraft avvisar kommunanes krav om nye arkeologiske registreringar og kulturminnefond. Dei visar til at slike registreringar vart gjort i samband med utbygginga, og at Ulla-Førre reguleringa ikkje skal være omfatta av ordninga med sektoravgift for kulturminne.

Kulturminne som ligg i reguleringssona, både kjente og ukjente, blir nå utsett for erosjon.

Kunnskapen om kulturminna og landskapsbruk vil dermed kunne gå tapt.

Vitskapelege metodar har utvikla seg mye sidan 70-tallet, slik at nye arkeologiske registreringar og undersøkingar vil kunne gi ny kunnskap om landskapsbruk og menneskeleg aktivitet i fjellet i forhistorisk tid. Dette er eit kunnskapspotensiale me må utnytte.

Kommunedirektøren meiner derfor at det må gjennomførast nye arkeologiske registreringar/undersøkingar i og langs vassdraga og at dette blir pålagt Statkraft.

Med helsing

Endre Gjil
bygdeutviklingssjef

Jarle Lunde
Rådgjever

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur

Kopi til:

Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809 ARENDAL
Bykle kommune	Sarvsvegen 14	4754 BYKLE
Hjelmeland kommune	Vågavegen 116	4130 HJELMELAND
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001 STAVANGER
Statkraft AS	Postboks 200 Lilleaker	0216 OSLO
Statsforvaltaren i Rogaland	Postboks 59 Sentrum	4001 STAVANGER
Statsforvalteren i Agder	Postboks 504	4804 ARENDAL